


Oppdragsgjever: Aursnes Einendom AS

Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr.: T1

Til: K-P arkitekter AS  
Frå: Håvard Parr Dimmen  
Dato 2023-09-20

## ► Detaljregulering Aursnes industriområde - vurdering av dagens situasjon

I dette notatet er det gjort innleidende vurdering av ulike tilhøve i samband med plan for detaljregulering av Aursnes industriområde. I vurderingane er det mellom anna sett på kva merknader som har kome i samband med melding av oppstart mm.



Figur 1: Utsnitt av førebels situasjonsplan (Kibsgaard-Petersen AS, sept. 2023)

Oppdragsgiver: Aursnes Einendom AS  
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T1

## **Byggegrense og plangrense:**

Veglova har 50 meter byggegrense til senterlinje på fylkesveg dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommune(del)plan).

Dersom ny bygningsmasse ikkje kjem nærmare fv. 60 enn dagens bør avstanden til fylkesvegen vere uproblematisk.

Skissert plangrense i situasjonsplanutkast (K-P-ark. 01.09.2023) følgjer i store trekk eigedomsgrenser, men i og nordvest bør plangrensa justerast slik at det ikkje overlappar reguleringsplan *Rv 60 Ørsneset ferjekai, planID 1528008001*).

## **Vegstatus i planområdet:**

Naustvegen er kommunal veg (NVDB-ident KV1090) frå kryss fv. 60 til første kryss og vidare ned til kaia. Her er det mellom anna utskiping av tømmer. Vestover frå dette krysset er Naustvegen klassifisert som privat veg (NVDB-ident PV1090).


På KV1090 er det tillate for tømmertransport med 10/60 tonn aksellast/totalvekt og inntil 24 meter vogntoglengde. Planlagt tiltak berører i liten grad den kommunale delen av Naustvegen, og bør såleis vere uproblematisk. Dersom det er aktuelt å ha transport med modulvogntog til/frå planområdet, bør ein for ordens skuld be Sykkylven kommune om å endre veglista for KV1090: På fv. 60 er det tillate med tømmertransport på inntil 24 meter men også modulvogntog type 1 og 2 med sporingskrav.

For kommunens del er dette meir ei formalsak, men i høve til detaljplanen må ein vere merksam på eventuell ekstra manøvreringsareal.


## **Vekryss fv.60 / Naustvegen**

Reguleringsplan for krysset blei vedtatt 2010 (planID 15282010004). Ein må forvente at krysset då blei godkjent med den utforminga som er der i dag. Passeringslomma ser ut til å ha noko kort utviding og innsnevring i høve til dei normalkrava som var gjeldande då ho blei etablert. Ein sjekk med gamle vognormalar syner at det ikkje er endring i krav til utforming av passeringsslomme frå vognormalrevisjonen i 2008 og fram til i dag: Ein grovsjekk av frisiktsona i reguleringsplanen viser at siktrekanten L1/L2 er om lag 10/132 meter, noko som er kravet for vikepliktsregulert T-kryss. I reguleringsplanen for gs-veg Aursnes – Hjellegjerde (PlanID 1528016008, vedtatt 2019), tangerer plangrensa passeringsslomma utan at den viser eventuell justering av denne. Men ein ser at gs-vegen er "justert" slik at passeringsslomma kan justerast utan at ein kjem for nær gs-vegen.

Oppdragsgiver: Aursnes Einendom AS  
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T1



Figur 2 Dagens kryss, planlagt kryss med frisiktområde, plan for gs-veg (NVDB/vegkart.no, planID 15282010004, planID 15282016008)



Figur 3: Utsnitt av skisse for passeringsslomme (Svv hb N100)

- Vegnormalkrav til breidde: 3,0-3,5 meter. Registrert breidde (NVDB): 3,0 meter.
- Vegnormalkrav til lengde: Minimum 30 meter. Målt/anslått lengde: 30 meter.
- Vegnormalkrav innkøyringslengde 1:10 => 30 meter (3 meter breidde). Målt/anslått: 20 meter.
- Vegnormalkrav utkøyringslengde: 1:10 => 30 meter (3 meter breidde). Målt/anslått: 15 meter.

Merknad: I eldre vegnormalar blei breiddeutvidinga gjort med 1:5.

Oppdragsgiver: Aursnes Einendom AS  
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T1

Det er ikkje vegbelysning i kryssområdet. I vegnormalversjonen (2008) var dette berre eit krav for kanaliserte kryss. I dagens vegnormal er det heller ikkje krav om dette for kryss med passeringslomme.

Siktkrav er antatt ivaretatt med sikt i  $1,2 \times$  stoppsikt langs gjennomgåande veg.

I fylgje NVDB/vekart.no er det ikkje registrert politirapporterte trafikkulykker i kryssområdet. Det gir ein indikasjon på at krysset har fungert etter at det blei etablert.

## **Rekkverk fv. 60:**

Det er etablert rekkverk frå busslomma på sørsida av fv. 60 og austover til om lag 90 meter vest for krysset med Naustvegen. Rekkverksavslutninga er ikkje i samsvar med dagens normalkrav. Ein må forutsette at etablert rekkverk er i samsvar med siktkrav, jf. frisiktsone som vist nedst i Figur 2.



Figur 4: Rekkverk fv. 60 (NVDB/vekart.no)

Aust for avslutta rekkverk er ikkje skråninga så bratt at det er behov for rekkverk (Skråning 1:4 eller slakare).

## **Vegbelysning fv. 60:**

Det er etablert vegbelysning frå ferjekaia i vest til og med busslomma nord for planområdet:




Figur 5: Veglys fv. 60 (NVDB/vekart.no)

Oppdragsgiver: Aursnes Einendom AS  
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T1

## **Busslomme fv. 60:**

Busslomma er registrert i NVDB, og ein ser at lomma ikkje er i samsvar med dagens krav på veg med fartsgrense 80 km/t:



Figur 6: Dagens busslomme og dagens krav til utforming (NVDB/vegkart.no, N100 figur 4.3.3.2-2)

- Vegnormalkrav til breidde: 3,25. Målt/anslått: 4 meter.
- Vegnormalkrav til lengde: Minimum 30 meter. Målt/anslått lengde: 15 meter.
- Vegnormalkrav innkjøringslengde A: 25 meter. Målt/anslått: 20 meter.
- Vegnormalkrav utkjøringslengde B: 20 meter. Målt/anslått: 15 meter.

Fv. 60 har ei brei skulder vest for innkjøring til busslommen:



Figur 7: Fv. 60 sett mot aust. Brei skulder i forkant av busslommen (vegbilder.atlas.vegvesen.no, juni 2023)

Oppdragsgiver: Aursnes Einendom AS  
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T1


Det er leskur ved haldeplassen, men det er berre oppmerking og ikkje oppbygd fortau (UU-krav) i området for av- og påstiging.

Ved innkøyringa til busslomma er det også etablert eit lyspunkt som har ei ueheldig plassering i høve til eventuell utbetring av busslomma. I fylgje NVDB er Sykkylven kommune eigar av dette punktet, medan Møre og Romsdal fylke er registrert eigar av punkta lenger vest mot ferjekaia.



Figur 8 Lyspunkt ved busslomma. Trestolpe med uviss funksjon i bakkant (vegbilder.atlas.vegvesen.no, juni 2023)

Dagens regulering av trafikk og biloppstilling for ferjekaia på Ørsneset har utgangspunkt i reguleringsplan *Rv 60 Ørsneset ferjekai, planID 1528008001*). I plangrensa mot aust er busslomma tatt med, jf. Figur 9, men som ein ser av Figur 7, Figur 8 og Figur 11, ser det ikkje ut til å vere opparbeidd i samsvar med planen:



Figur 9: Utsnitt av reguleringsplan, planID 1528008001.

Oppdragsgiver: Aursnes Einendom AS  
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T1

## **Vegkryss fv. 60 / Fauskevegen:**

I høve til reguleringsplanen ser det ut til å vere bra samsvar i kryssområdet på nordsida av fv. 60, men fortauet på austsida av Fauskevegen er nedkjørt, og har då ikkje tilstrekkeleg kantsteinvis.




Figur 10: Kryss fv. 60 / Fauskevegen. Manglante kantsteinvis på fortau i Fauskevegen (vegbilder.atlas.vegvesen.no, juni 2023)

Ved endepunktet for fortauet er det i prinsippet også eit tilrettelagt kryssingspunkt på fv. 60 som gir samband til næringsområdet.



Figur 11: Kryssområdet fv. 60/Fauskevegen. Tilrettelagt for kryssing mellom busetnad og næringsområdet. (vegbilder.atlas.vegvesen.no, juni 2023)

Reguleringsplanen for gs-veg Aursnes-Hjellegerde endar ved dette krysset. Planen viser ikkje at ein her har eit kryssingspunkt på fylkesvegen. Planen viser heller ikkje samanheng mot fortauet på austsida av Fauskevegen. Men ein ser at gs-vegen har bra avslutning i høve til fortau/gs-veg på vestsida av krysset, tilrettelagt kryssing, jf. Figur 9.



Figur 12: Utsnitt av reg.plan for gs-veg langs fv. 60 ved endepunkt i vest (planID 15282016008)

Oppdragsgiver: Aursnes Einendom AS  
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T1

## **OPPSUMMERING:**

- Passeringslomma i vegkryss fv. 60 / Naustvegen aust for planområdet er ikkje opparbeidd i samsvar med krava i vegenormalen; det er for kort inn- og utkøyringslengde.
- Det er ikkje registrert politirapporterte trafikkulykker i krysset etter at det blei etablert.
- Det var ikkje krav om belysning i ukanaliserete kryss ved etableringstidspunktet.
- I utgangspunkt skal siktilhøva i krysset vere tilfredsstillande også i dag. Det er ein føresetnad at ikkje ny vegetasjon endrar dette.
  
- Busslomma nord for planområdet er for kort og har for dårlig inn- og utkøyringslengde i høve til dagens normalkrav for busslomme.
- Busslomma er ikkje opparbeidd i samsvar med reguleringsplan planID 1528008001, vedtatt i 2008.
- Fortauet på austsida av Fauskevegen har ikkje naudsynt kantsteinvis i kryssområdet ved fv. 60.
- Godkjende reguleringsplanar har ikkje tatt omsyn til kryssingspunktet på fv. 60.

## **Planlagt tiltak:**

I fylgje veglova har vegeigar i utgangspunktet ansvar for kostnad og gjennomføring av tiltak på eige vegnett.

Medfører planlagt tiltak ein forventa trafikkvekst (førebelts uavklart), bør ein vurdere om krysset med fv. 60 / Naustvegen har god nok standard. I vurderinga bør ein også ta omsyn til dagens og framtidig transport til/frå kaianlegget med tømmertransport. Gjennomsnittleg døgntrafikk (ÅDT) i 2022 på fv.60 blei registrert til om lag 3800 ved krysset, men det er eit spesielt trafikkbilete ved at det er puljevis mykje trafikk i retning aust etter ferjeankomst.

I reguleringsplanarbeidet er det under vurdering å senke deler av Naustvegen. Senking av vegprofilet på den private delen av Naustvegen må ikkje medføre "skade" på fylkesvegen. Ved å bygge opp med mur på nordsida, vil ein unngå dette, og avstand mellom fv. 60 og Naustvegen bli lite endra. I austre del av Naustvegen er det liten høgdeskilnad, og ein er også utanfor planområdet.

Plangrense for tiltaket bør i nord ikkje overlappa planID1528008001. Gjeldande reguleringsplan som mellom viser utbetra busslomme bør vere som i dag. Og det er naturleg at planområdet også omfattar bustadhuset (gbnr 1/131).

C01	2023-09-20	Oversending til kommentar	HAADIM	MIRKVA	HAADIM
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.